

Torjus Sølverud Moen
Kviteseidvegen 445
3850 Kviteseid
Eigar av Nordre Slettehaul (51/2) i Seljord kommune

Kviteseid 12.12.2016

Til Noregs vassdrags- og energidirektorat
v/sakshandsamar Laila P. Høivik
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Uttale til vilkårsrevisjon av konsesjonen for Sundsbarm kraftverk

Innleiing

Sundsbarm kraftverk sine eigarar fekk konsesjon til å regulere Sundsbarm-vassdraget i 1963. Konsesjonsgrunnlaget for reguleringa var å forsyne det norske samfunnet med elektrisk kraft i vinterhalvåret. Vatnet skulle samlast i vår og sommarhalvåret.

Det vart i 2013 opna for revisjon av konsesjonsvilkåra for reguleringa av Sundsbarm-vassdraget. I utgangspunktet skal dei aller fleste relevante forhold ved ei konsesjonstildeling ha vore vurdert og tilhøyrande skjønn tildele erstatning for blant anna den einskilde grunneigars ulemper og framtidige tap. Med dette som utgangspunkt vil eg likevel ta opp nokre forhold som eg meiner at det må justerast for i den kommande vilkårsrevisjonen. Desse grunnar seg både i erfaringar, skader og ulemper som ikkje var pårekna ved konsesjonstildeling og tilhøyrande skjønn og erstatning for Nordre Slettehaul, samt at eg ser det som viktig at dei underliggande konsesjonsvilkåra blir oppfylt, og om nødvendig at det vert det sett inn kompensernade tiltak for å oppnå desse (dei underliggande konsesjonsvilkåra) også i kommande år.

Grunneigarane sin tilgang til Sundsbarmvatnet må tilpassast dagens og pårekneleg framtidig bruk av Sundsbarm kraftverk sitt hovudmagasin

Utviklinga i den felles nordiske energimarknaden og utveksling av kraft med resten av Europa har gjort at kraftutbyggingar med stor magasin kapasitet i aukande grad vert bruka som effektkraftverk. Sidan Sundsbarm kraftverk har ein slik eigenskap vert det større variasjon i vasstanden i Sundsbarmvatnet (kraftverkets hovudmagasin) over året og særleg den del av året då det er naturleg for grunneigarane å bruke vatnet enn det som var forventa og normalt når konsesjonsvilkåra for reguleringa av Sundsbarm-vassdraget og Sundsbarm kraftverk vart utforma. Det forholdet at Sundsbarm kraftstasjon også er klargjort for å auke produksjonskapasiteten med 100 MW forsterkar betydninga av at effektkøyring vert teke meir omsyn til i dei reviderte konsesjonsvilkåra. Effektkøyring av Sundsbarm kraftverk vises i dag ved aukande erosjonsskader på Sundsbarmvatnet sine strender, og då særleg der det før reguleringa var staule, beite og produktiv skog slik det var tilfelle for Nordre Slettehaul.

Denne «nye» måten å disponere vatnet på, effektkøyring over større delar av året, i forhold til det som var grunnlaget for konsesjonen frå 1963 fører til betydelege større ulemper for grunneigarane enn det som er reflektert i noverande konsesjonsvilkår og

avbøtande tiltak. Det vert vanskelegare å ha sikker tilgang til vatnet, særleg med utgangspunkt i vår eige strandsone og transport frå eigedommen til vatnet. Det vert for eksempel vanskelegare å gjennomføre fiske ved at det i periodar på det nærmaste er umogeleg å bevege seg i strandsona fordi grunnen er for vassdrukken og det er stor usikkerheit med omsyn til endringar i vasstanden. Det har blitt andre forhold enn avstanden frå bilvegen på austsida av Sundsbarmvatnet til strandlinja for høgaste vasstand som har størst effekt på Nordre Slettehaul sin tilgangen til Sundsbarmvatnet. Vår veg ned til strandlinja for høgaste vasstand har ikkje same nytte som tidlegare. Potensialet for ei dobling av kapasiteten til Sundsbarm kraftverk aktualiserer også at dei delar av konsesjonsvilkåra som rettar seg mot grunneigarane sin bruk og tilgang til Sundsbarmvatnet vert justera og tilpassa dagens og framtidig pårekeleg utnytting av Sundsbarm kraftverk sitt hovudmagasin.

Vilkårsrevisjonen av Sundsbarm-vassdraget må ta omsyn til at noverande og potensialet for framtidig utnytting av reguleringsevna til Sundsbarm kraftverk er endra i forhold til det som var utgangspunktet den gongen gjeldande konsesjonsvilkår vart utforma. For eigedommar som Nordre Slettehaul, der det av topografiske årsaker i store delar av året (barmarksperioden) både er stor avstand mellom den faktiske strandlinja og strandlinja for høgaste vasstand og variasjon i den faktiske strandlinja, må det i den kommande vilkårsrevisjonen påleggast regulaten å gjennomføre tiltak som kompenserer for dei ulempene som nåverande effektkøyringar og pårekeleg framtidig bruk av hovudmagasinet medfører.

Eit rimeleg tiltak vil være at regulaten etablerer veger eller liknande tiltak på eigedommar med stor avstand mellom den faktiske strandlinja og strandlinja for høgaste vasstand slik at desse eigedommane også får ein tilfredsstillande tilgang til Sundsbarmvatnet på eigedommane. Det har ikkje vore ei tilfredsstillande løysing å ha felles båtnaust og båtutsettingsrampe/trallebane på vestsida av Sundsbarmvatnet. Seljord kommune har også peika på at tilgangen til vatnet må betrast ved at kommunen krev:

"Det må lagast veg ned til LRV ved utlaupet og i sørenden av vatnet. Vegane må ha betongdekke og vera slik at også meir urutinerte kan bruke dei. Slike båtutsett skal vera opne for ålmenta."

Dette kravet synast å vera av avgrensa nytte for dei grunneigarane ved Sundsbarmvatnet som har eigedommane sine fleire kilometer frå sørenden og utlaupet av Sundsbarmvatnet.

Det må gjennomføre tiltak som hindrar at dei nye fiskeartane får formeire seg og bringe dagens bestand av desse ned på eit forsvarleg nivå

Etter reguleringa av Sundsbarm-vassdraget har det kome nye fiskeartar til Sundsbarmvatnet. Det er åbor, stingsild og ørekyte. I hovuddokumentet for vilkårsrevisjonen er dette og andre forhold ved fiske i Sundsbarmvatnet svært lite omtala. Eg ber at det vert spesielt lagt merke til det som vert skrive i vedlegg 6 omhandlande prøvofiske i Sundsbarmvatnet gjennomført i 2004.

Den store fangsten av åbor kan ha påvirket fangbarheten av ørret ved at garnene har blitt fulle av åbor og dermed ikke fanget ørret like godt som ellers. Åborbestanden vurderes ikke nærmere enn at den er stor og med fordel kan beskattes kraftig.

Vidare vert det skrive

Tette bestander av ørekyt, stingsild og abbor gjør forvaltningen av ørret komplisert. Det beste hadde vært bestandsregulerende tiltak mot disse artene, men dette er komplisert eller tilnærmet umulig i et så stort vann.

Sjølvsagt om det er nemnd at det er tilnærma umogeleg å rette opp all skade som dei nye fiskeartane allereie har forårsaka på edelfiskeartane, bør det innanfor rimelege økonomiske rammer kunne gjennomførast effektive og avbøtande tiltak for å forebygge ytterlegare skade og samstundes utbetre så mykje som mogeleg av allereie påførte skader. Det er vidare i vedlegg 6 vist til at tiltak som rydding og fjerning av vegetasjon på stader der åboren vil kunne gyte vil ha effekt på bestanden av åbor. Rydding av røter og gammal vegetasjon vil samtidig ha ein positiv effekt på landskapet, strendene og redusere sjansane for skade på fiskereiskapen.

Abbor foretrekker normalt å gyte ragna i vegetasjon som ligger i vannet og et mulig tiltak for å redusere bestanden kan være å rydde bort røtter i strandsonen.

Det er blitt mykje åbor i Sundsbarmvatnet. Regulaten må i dei reviderte konsesjonsvilkåra bli pålagt å gjennomføre tiltak som hindrar at dei nye fiskeartane får formeire seg i Sundsbarmvatnet, og samtidig bringe dagens bestand av desse ned på eit forsvarleg nivå. Vidare må det gjennomførast periodevise undersøkingar som kan stadfeste at tiltaka har effekt. Dagens konsesjonsvilkår om utsetjing av fisk ved reduksjon i fiskebestanden må oppretthaldast.

Underliggende konsesjonsvilkår om veg til eigedommane på austsida av Sundsbarmvatnet må oppretthaldast

Eit av konsesjonsvilkåra for regulering av Sundsbarm-vassdraget var at det skulle sikrast veg til eigedommane på austsida av Sundsbarmvatnet. Det forholdet at det var sett som eit konsesjonsvilkår er heller uvanleg. Med utgangspunkt i det aktuelle konsesjonskravet er mi vurdering at regulaten har ansvar for at det er ein veg langs austsida av Sundsbarmvatnet som er tilfredsstillande utifrå dei krava som i dag gjeld for vegen som regulaten etter konsesjonen for kraftutbygginga vart pålagt å bygge. Den teknologiske utviklinga og rådande driftsteknikk for uttaka av tømmer og utnytting av utmarksbeite stiller i dag høgare krav til vegstandard og særleg mindre stigning og slakare svingar. Det er i dag ikkje mogeleg å få tømmerbilar med tilhengar til å hente tømmer frå vegen på austsida av Sundsbarmvatnet. Regulaten må i dei nye konsesjonskrava bli pålagt å sikre at vegen på austsida av Sundsbarmvatnet har ein vegstandard som samsvarar med spesifikasjonen for vegklasse 3 landbruksbilveg slik den er definert i «Normaler for landbruksbilveier», og ved trong for større vedlikehald bidra med økonomiske midlar til dette.

Oppsummering

Rammene for konsesjonstildelinga for regulering av Sundsbarm-vassdraget frå 1963 og skjønnsutmålingar til impliserte partar er ikkje på alle område tilpassa dagens utnytting av Sundsbarm kraftverk og hovudmagasinet Sundsbarmvatnet. Dette må det ved fastsetjing av reviderte konsesjonsvilkår takast omsyn til. Som grunneigar av Nordre Slettehaul har eg trekt fram

1. trong for betre tilpassa tilgang til Sundsbarmvatnet frå eigedommar med stor avstand mellom den faktiske strandlinja i barmarksperioden og strandlinja for høgste vasstand

2. trong for reduksjon av og kontroll over nye fiskeartar som er kome frå andre delar av reguleringsområdet for Sundsbarm kraftverk, og spesielt med omsyn til å gjennomføre tiltak som reduserer den store bestanden av åbor i Sundsbarmvatnet
3. trong for at regulaten og Sundsbarm kraftverk bidreg til at veggen på austsida av Sundsbarmvatnet er tilpassa underliggande konsesjonsvilkår og at veggen blir utbetra av regulaten slik at den sikrar utøving av relevante næringsinteresser som skogbruk og utnytting av utmarksbeite

Forslaga vil naturleg nok kunne ha mindre økonomisk effekt for regulaten utan at forslaga medfører forventna produksjonstap. Tiltaka er foreslått med utgangspunkt i at dei skal rette opp for erfarte skader og ulemper som ikkje var sett på som påreknelege ved konsesjonstildeling og innanfor den tidshorisonten da skjønn var gjennomført, samstundes som underliggande konsesjonsvilkår om veg til eigedommane på austsida av Sundsbarmvatnet vert oppretthalde.

Helsing

Torjus Sølverud Moen

Kopi til Seljord kommune
v/natur- og miljørådgjevar Torunn Raftevold Rue